



SENTERPARTIET

i Ullensvang



*Med aktivitet
og busetnad i
heile Ullensvang*



Gode veljarar!

Senterpartiet vil ta heile Ullensvang i bruk

Med Senterpartiet sin politikk har me sett Ullensvang på kartet. Me har utvikla samarbeidet med mange spennande aktørar, og har gode kontaktar til styresmakter på Storting og i Regjering. Me ber om din tillit til å halda fram arbeidet til beste for alle som skal bu, arbeida og trivast i Ullensvang.



Noko av det som er gjennomført i sist periode:

- Snudd den negative folketalsutviklinga.
- Nye arbeidsplassar, vassfabrikken Isklar på Hovland.
- Nå sentrum er vorte skikkeleg fint, Bleievegen er oppgradert og ikkje minst er det lagt kunstgrasdekke på Skotamyra på Aga.
- Ferdige reguleringsplanar Rv 13, Deilo og Fv 550 Kråkevik.
- Symjebassenga i Kinsarvik og på Hauso er ferdig renoverte.
- Kinsarvik har fått ny badelagune.
- Klubbhuset på Hordatun står ferdig.
- Fleire av dei kommunale vegane våre har fått fast dekke.
- Ullensvang ungdomsråd er etablert.

Viktigaste arbeidsmål neste periode:

- Tilrettelegging av bustadfelt og bustader der folk vil bu.
- Skule og barnehage med godt sosialt miljø og det beste læringsmiljøet.
- Fleirbrukshall i Kinsarvik og Idrettshall på Hauso.
- Meir sentrale og regionale midlar til rassikring og vegutbetringar.
- Trygg omsorg uavhengig av økonomi og kor du bur.
- Stimulera til ny næringsutvikling.





Verdiplattform:

Senterpartiet bygger si plattform på desentralisering av makt, kapital og busetnad. Folkestyre og lokaldemokrati er ein av dei viktigaste verdiane. Me legg vekt på lokal verdiskaping og sjølvråderett over ressursane. Rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp.

Folkestyre:

Ullensvang skal vere eit godt herad å bu i. For Senterpartiet er det viktig å auka innbyggjarane si medvirkning i politikken.

- Vidareutvikla heradet sine nettsider.
- Halda bygdemøte.
- Ha ordførardagar på Utne.
- Vidareutvikla det interkommunale samarbeidet, fokusområde helse.

Næringsliv, nyskaping og utvikling:

Ullensvang Senterparti skal halda fram med å vera ein pådrivar for at primærnæringa, turistnæringa, og private og offentlege verksemder kan oppretthaldast og vekse i Ullensvang. Landbruket er ei svært viktig næring i Ullensvang både som sysselsetting og gjennom matproduksjon.

- Ivareta det etablerte næringslivet og vere pådrivar for nyetablering og småskalaverksemde.





Senterpartiet vil stimulera og utfordra næringslivet til å ta grep.

- Ha eit sterkt og levedyktig landbruk i Hardanger ved å samlokalisera forvaltningsapparatet, rettleiing og forskning i Bioforsk Ullensvang sine lokale på Lofthus.
- Stø opp om all vidareforedling og sal av fruktprodukt frå garden. Sider skal kunne seljast direkte frå godkjent produksjonslokale.
- Arbeida for oppgradering av vegar slik at skogsressursane i heradet kan haustast.
- Arbeida for lokal næringsverksemd knytt til kulturlandskapet ved mellom anna å vidareutvikle Vikebygd Landskapspark/Følgefonna nasjonalpark.
- Leggja til rette for småskalakraftverk, og vera pådrivar for rask og rasjonell saksgang hjå sentrale styresmakter.
- Stø opp om arbeidet til turistinformasjonane og Reisemål Hardangerfjord.
- Arbeida for å etablera eit Norsk senter for eigedomskunnskap knytt til Agatunet.

Samferdsle og gode kommunikasjonar:

Framtidsretta kommunikasjonsløysingar er avgjerande for vekst og utvikling av distriktssamfunnet. Me vil halde fram med kraftig trykk på utbetring og oppgradering av fylkes- og riksvegar i Hardanger.

- Arbeida for å betra standarden på vegane i heradet, og driva aktiv lobbyverksemd for å få meir midlar til distriktet.
- Syta for at opprusting av Fv 550 Utne-Jondal til 10 t akseltrykk og 18,75 vogntoglengde no vert gjennomført, og at det vert løyvd meir midlar slik at heile strekkje vert opprusta.
- Vera aktiv pådrivar for å få realisert rassikrings-



prosjektet, Rv 13 Deildo, og utbetring
Rv 13 Kinsarvik-Ringøy.

- Fv 550 Kråkevik-parsellen – syta for ferdigstilling av reguleringsplanen og vera pådrivar for å få midlar til gjennomføring.
- Sikra godt vedlikehald og utbetring av dei kommunale vegane.
- Oppretthalda ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvannadal med same rutetilbod som i dag, og med ferjemateriell som gjer sambandet attraktiv for turistar.
- Arbeida for at noverande turistbåtrute mellom Norheimsund og Eidfjord vert utvida med ein tidleg avgang frå Lofthus til Norheimsund og retur ettermiddag/kveld.
- Reguleringsplan for Lofthus sentrum må ferdigstillast.
- Sikra at trafikktilhøva i Grimo sentrum vert betra, reguleringsplan må på plass.
- Oppgradera strandpromenaden i Utne sentrum, og utbetra parkering og tilkomst til Hardanger folkemuseum.
- Trafikksikring av mjuke trafikantar langs vegane våre ved å få gateljos ved busskura/busstopp og gang/sykkelstiar i folketette område.

Kultur, kyrkje, idrett og friluftsliv:

Kulturliv og idrett er levande i Ullensvang, mykje pga frivillige organisasjonar og enkeltpersonar. Me vil stø opp om dei frivillige organisasjonane. Me vil satsa på idrett, og støtta dei mange lokale kultur- og idrettsarrangementa. Ungdommen skal ha gode fritidstilbod med høg kvalitet.

- Arbeida aktivt for fleirbrukshall i Kinsarvik og volleyballhall på Hauso.
- Ha eit nært samarbeid med og arbeida for å auka den økonomiske stønaden til idrettslaga i heradet.
- Halde oppe aktivitetsnivået i musikk- og kulturskulen.
- Styrkja og utvikle Agatunet og Hardanger Folkemuseum.





- Sikra restaurering av Hardanger Sorenskrivargard på Hesthamar.
- Fullføra arbeidet med regionhistorie for Hardanger og bygdabok for Ullensvang.
- Ha eit fullverdig bibliotektilbod på både aust- og vestsida.
- Ha fokus på meir fysisk aktivitet i skulen gjennom gode planar for trivsel og miljø i skulen.
- Styrkja ungdomsarbeidet gjennom Ullensvang ungdomsråd.
- Sikra bygdene sine allmenningrettar i fjellet og leggja til rette for fornuftig bruk av fjellområda i tråd med grunneigarar og allmenta sine interesser.
- Lettare tilgang til fjellet, fylgja opp Fylkesdelplanen for Hardangervidda med veg til Heng i Kinsarvik.
- Badeplassen på Aga må ferdigstillast.
- Arbeida for å skaffe offentlege midlar til vedlikehald av middelalderkyrkjene i heradet.
- Leggja til rette for dei funksjonshemma på offentlege stader og tilstellingar.

Skule, barnehage og utdanning:

Ullensvang Senterparti vil gje born og unge i heradet eit godt tilbod både i oppveksten og under utdanning. Me vil fokusera på godt sosialt miljø og gode læringsmiljø i skular og barnehagar.

- Senterpartiet vil ha ein skulestruktur som sikrar elevane eit godt sosialt miljø, det beste lærings-



miljøet og godt kvalifiserte lærarar. Læraren er den viktigaste ressursen i skulen!

- Barnehageplass og plass i SFO for alle som ynskjer.
- Arbeida aktivt for å få godt kvalifiserte lærarar til skulane i heradet.
- Etter- og vidareutdanning av både lærarar og føreskulelærarar skal prioriterast.
- Førebyggja mobbing i skulane.
- Sikra god oppfølging av born med spesielle behov.
- Ha eit godt samarbeid med vidaregåande skular i skuleregionen Hardanger og Voss.
- Kvaliteten på rådgjevingstenesta i grunn- og vidaregåande skule må styrkjast.
- Stø opp om arbeidet med å kunne ta høgare utdanning i Hardanger.
- Halda fram med songbøker til alle nyfødde i Ullensvang.

Helse, omsorg og eldrepolitikk:

I Ullensvang skal alle ha tilgang til gode og likeverdige helsetenester, uavhengig av økonomi og bustad – me er ikkje tilfredse før du er det! Senterpartiet vil sikra alle eldre i Ullensvang ein god alderdom.

- Oppgradera sjukeheimane i heradet.
- Arbeida for full sjukeheimsdekning i heradet.
- Prioritera tilrettelegging for demente på sjukeheimar og i heimen.
- Arbeida for å byggja ut nye omsorgsbustader etter behov.
- Me vil samarbeida med dei andre kommunane i regionen om Samhandlingsreforma.
- Arbeida for felles legevakt med nabokommunane.
- Realisera eit helsesenter knytt til heradshuset i Kinsarvik.
- Oppretthalda eit godt omsorgsarbeid og tenestetilbod slik at dei eldre kan bu heime så lenge dei ynskjer.
- Leggja til rette for fleire lærlingar innan helsefag.

Bustad, bustadfelt og strøtomter:

Med aukande folketal og tilflytting, er det viktig å ha byggjeklare tomter der folk vil bu. Senterpartiet vil arbeida for å få fortgang i tilrettelegging av tomte-land og strøtomter i tråd med kommuneplanen.

- Leggja til rette for ungdom som vil busetje seg i heradet med tilgjengelege utleigehus.
- Gå inn for økonomisk støtte til kjøp av tomter i både heradet sine byggjefelt og på strøtomter.
- Stimulera til opprusting av tomme, private hus for utleige.
- Syta for senior- og omsorgsbustader.



Ullensvang Senterparti si valliste til heradsstyrevalet 2011-2015



Solfrid Borge



Samson Hamre



*Gunnhild
Jaastad*



Kåre Ystanes

- 1 Solfrid Borge, 1959, Opedal
- 2 Samson Hamre, 1957, Tjoflot
- 3 Gunnhild Jaastad, 1966, Jåstad
- 4 Kåre Ystanes, 1935, Ystanes
- 5 Harald H Opedal, 1979, Opedal
- 6 Ingvild Hauso, 1975, Hauso
- 7 Torgeir T Alvsåker, 1945, Alsåker Indre
- 8 Isak T Reisæter, 1950, Åkre
- 9 Per Helge Sekse, 1959, Midt Sekse
- 10 Olav B Hus, 1956, Huse
- 11 Alis Soldal Bjotveit, 1954, Bjotveit Ytre
- 12 Jorunn Nysveen, 1981, Hovland
- 13 Torkjell Nå, 1971, Måge
- 14 Jørund Kvestad, 1964, Jåstad Indre
- 15 Magnus Opedal, 1973, Opedal
- 16 Liv Helen Mårstig, 1971, Råen Indre
- 17 Kjell Kvåle, 1965, Reisæter
- 18 Endre Dy Djonne, 1970, Djonno Ytre
- 19 Øystein Pugerud, 1952, Hauso
- 20 Solveig Stana Måge, 1960, Måge
- 21 Åsmund Eidnes Nedrevåg, 1980, Eidnes
- 22 Kari Buer Storli, 1945, Kvalvik Indre
- 23 Asbjørn S Kråkevik, 1961, Kråkevik
- 24 Jan Ove Nes, 1972, Nes
- 25 Steinar Langesæter, 1953, Langesæter Indre
- 26 Birgit Eiken, 1969, Alsåker Indre
- 27 Olav H Opedal, 1954, Opedal

**Bruk røysteretten din
den 12. september.**



Godt val!